


Ordførarkandidat Turid Humlen



Sula skal være
ein kommune med

**Moglegheiter
for alle**

Sula Høgre 

**Sula Høgre ønskjer seg
Høgre-ordførar på Sula. Vi vil
bidra til at Sula skal vera ein
god kommune å bu, arbeida
og leva i for folk og bedrifter.
Vi skal og vera ein
inkluderande og effektiv
JA-kommune.**




7 grunnar til å stemme Høgre på Sula



Ein skule med godt innhald som ser den enkelte elev.

For å skape eit samfunn der alle kan lykkast, er det avgjerande med gode skular. Ein god skule gir moglegheiter for alle uansett bakgrunn. Skal alle elevar trivast må det vera nulltoleranse for mobbing, vald og rasisme. Sula Høgre vil prioritere tidleg innsats og fleire dyktige lærarar. Det blir viktig å utnytte dei flotte skulane vi har på ein best mogleg måte slik at elevane opplever trivsel og meistring.



Innbyggjarane på Sula skal få gode tenester i alle faser i livet.

Sula Høgre vil at Sula skal bli eit meir alders- og demensvennleg lokalsamfunn, der vi og har ein plan for dei pårørande. Kommunen må leggje til rette for ein sosial og aktiv alderdom, mellom anna ved å skape fleire gode møteplassar. Unge og eldre som treng tenester og pleie, skal møte ei kompetent helseteneste. Vi vil være pådrivarar for planlegging og bygging av eldreboliger og "eldretun" òg i privat regi. Vi ønskjer å sjå til at personar som har utfordringar med rus og psykisk helse får rask og god hjelp



Ein trygg og god oppvekst for alle born og unge i Sula.

Sula Høgre vil arbeide for å leggja til rette for eit godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar. Vi er svært takksame for all den frivillige innsatsen som blir lagd ned og vil støtte frivilligheita. Høgre vil arbeide for at økonomi ikkje er til hinder for å delta på fritidsaktiviteter. Det er viktig for oss å arbeide for lågterskeltilbod og møteplassar for unge, som også er opne på laurdagar.



Næringsvennleg

Vi vil spele på lag med næringslivet for å skape vekst og utvikling på Sula. Lokale arbeidsplassar er viktig for Høgre. Vi skal vere ein JA-kommune med fokus på utvikling gjennom tett dialog med næringslivet. Vi vil bidra til god og effektiv saksbehandling gjennom samspel mellom kommune, næringsliv og politisk arbeid. Sula Høgre er positiv til at gondolen blir realisert under føresetnad av at vedtaksprosessen i størst mogleg grad tek vare på innbyggjarar og natur.

Samferdsel

Samferdsel er nøkkelen til å skape ein god bo-og arbeidsregion. Vi vil arbeide for å få fortgang i kryssløysinga på Veibust. Vi vektlegg samarbeid med nabokommunane våre for å arbeide fram dei beste løysingane med fokus på tryggleik og effektiv trafikkavvikling på kort og lang sikt. Dette gjeld både fjordkryssing og trygge vegar. Alle born i Sula skal ha trygg skuleveg slik at born trygt kan gå og sykle til skulen. Vi vil arbeide for å betre rutetilbodet på Langevågsbåten.



Nei til auke av eigedomsskatten, helst avvikle den.

Vi er uroa for den store auken i kommunale avgifter. Vi ønsker å bremse bu-utgiftene til folk gjennom nei til auke av eigedomsskatten. Vi vil og sjå til at det blir god økonomisk styring av vatn- og avløpsprosjekta i Sula. Avgiftsauke på hushalda kan gi store negative konsekvensar for Sula som attraktiv bu-kommune.



Det har noko å seie kven som styrer kommunen du bur i.

Stem Høgre på Sula!



Les heile val- programmet

Bruk QR-koden eller gå til
hoyre.no/sula



Hold mobil-kameraet mot QR-koden. Trykk på linken som dukker opp på skjermen



Turid Humlen

Ordførarkandidat

Født: 1959. Frå Langevåg.

"Eg vil arbeide for ein god og inkluderande skule, ei trygg og god eldre- og demensomsorg, gode vilkår for jobbskaparar, næringsliv og frivilligheita, nei til auke av eigedomsskatt"

1

Ein skule med godt innhald som ser den enkelte elev

ETABLERE GODE ORDNINGAR FOR TIDLEG INNSATS. STYRKE SAMARBEIDET MELLOM SFO, KULTURSKULEN OG FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

2

Ei trygg eldreomsorg og eit alders- og demensvennleg Sula

STYRKE SAMARBEIDET MELLOM DEI ULIKE DELANE AV HELSE OG OMSORG

3

Ein trygg og god oppvekst for alle born og unge i Sula.

ARBEIDE FOR AT BORN OG UNGE FÅR EI MEININGSFULL FRITID I FELLESSKAP MED ANDRE

Gode grunnar til å stemme Høgre

4

**På lag med
jobbskaparar og
næringsliv**

FINNE GODE LØYSINGAR
GJENNOM DIALOG OG
GODT SAMARBEID.
ARBEIDE FOR HURTIGARE
SAKSHANDSAMING I
KOMMUNEN

5

**Støtte frivilligheita
og gje alle born
mogleheit til å delta
på fritidsaktivitetar**

OPPFYLLE VISJONENVÅR:
"SULA SKAL VÆRE DEN
LEIANDE KULTUR- OG
FRILUFTSKOMMUNEN I
ÅLESUNDSREGIONEN
MED AKTIVE
INNBYGGJARAR SOM
OPPLEVER SAMKJENSLE
OG IDENTITET"

6

**Vi vil arbeide for
effektive og trygge
samferdsels-
løysingar**

SAMARBEIDE MED
VEGVESENET FOR Å
FINNE LØYSINGAR SOM
BETRAR SIKKERHEITA PÅ
VEGANE VÅRE

7

**Nei til auke av
eigedomsskatten,
helst avvikle den**

DET ER VIKTIG Å TA
OMSYN TIL
INNGYGGJARANE SIN
PRIVATØKONOMI.
GJENNOM GOD
ØKONOMISK STYRING OG
EFFEKTIV DRIFT I
KOMMUNEN, SKAL VI
HOLDE NEDE SKATTAR,
AVGIFTER OG GEBYR

8

**La Sula bli ein
effektiv og
inkluderande JA-
kommune gjennom
godt samarbeid**

SAMARBEID OG DIALOG
MELLOM INNBYGGJARAR,
BEDRIFTER,
FRIVILLIGHEITA OG
KOMMUNEN ER
NØKKELEN TIL GODE
LØYSINGAR

9

Moglegheiter for alle

STEM HØGRE PÅ SULA!

Våre kandidatar, sjå lista

Bruk QR-koden eller gå til hoyre.no/sula/vare-folk/





”

**Vi vil ha inkluderande
Ja-kommuner med
fokus på utvikling og
gode løysingar!**

Turid Humlen

Høgres ordførarkandidat på Sula

Foto:



Bli med på laget!

Høgre trenger fleire medlemmar for å kunne drive ein effektiv valgkamp og vinne val. Du kan være med og bidra aktivt, eller kun støtte oss med ditt medlemskap. Velkommen!

Bli medlem her

Medlemskap for yrkesaktive koster 440 kr. Andre grupper betaler 220 kr.
Skann QR-koden og les mer



**Gløymde du å stemme Høgre
i 2021? Hugs at det aldri er for
seint å snu! Bli med på laget
og stem Høyre.**

**Moglegheiter
for alle**

Sula Høgre 